



Justis- og beredskapsdepartementet

Dykkar ref
15/8555

Vår ref
2015/13895-INGNIL

Dato
04.02.2016

Høyringsvar frå UiB - endringar i utlendingsloven

Vi viser til brev, datert 29.12.2015, der vi blir inviterte til å komme med innspel til høyringa om endringar i utlendingslova. Universitetet i Bergen har motteke høyringsvar frå Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Det humanistiske fakultetet. Innspelet frå fagmiljøet på instituttet følgjer som vedlegg.

Venleg helsing

Dag Rune Olsen
Rektor

Kjell Bernstrøm
universitetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Kopi
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske
studium

Høyringsfråsegn om framlegg til endringar i utlendingslova

Vi viser til dokumentet “*Høring – Endringer i utlendingslovgivningen (innstramminger II)*” publisert på Regjeringen.no 29.12.2015. I forståing med instituttleiinga er denne høyringsfråsegna utarbeidd av fagmiljøet i norsk som andrespråk ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen. Fagmiljøet driv forskning og undervisning innan m.a. andrespråkslæring, fleirspråklegheit, testing og vurdering av språkferdigheiter. Dessutan tilbyr vi opplæring i norsk språk og kultur for utanlandske studentar og tilsette på fire nivå, og eksamen frå trinn 3 er godkjent som opptakskrav i norsk til studium ved universitet og høgskular.

Fagmiljøet i norsk som andrespråk vil kommentera følgjande to innstrammingstiltak i framlegget om vilkåra for permanent opphald i Noreg. Dette gjeld opplæring i norsk og samfunnskunnskap: Vilkår om at utlendingen ved prøve i norsk meistrar eit minimum av norsk munnleg (punkt 8.3.2 i høyringsnotatet) og vilkår om bestått prøve i samfunnskunnskap (punkt 8.3.3 i høyringsnotatet).

Vi ser klart verdien av opplæring i norsk og samfunnskunnskap for alle som skal delta i samfunnet, men når departementet sitt eksplisitte mål med framlegga til innstrammingane er å «gjøre det mindre attraktivt å søke asyl i Norge», så er premissane for viktige opplæringspolitiske avgjerder ikkje gode. Det er vanskeleg å sjå endringsframlegg i høyringsnotatet som vil gjera læringssituasjonen betre for utlendingen, tvert imot kan fleire av framlegga skapa usikkerheit og mindre tryggleik. Det er forhold som svekkar ein persons høve til å læra generelt.

Nedanfor listar vi opp innvendingane vi har imot dei føreslåtte tiltaka som gjeld opplæring i norsk og samfunnskunnskap direkte:

- Vi vil sterkt understreka at vi ikkje kan støtta framlegget om at *prøving* i språkferdigheiter og samfunnskunnskap skal knytast til retten til varig opphald.
- Vi ser det som prinsipielt galt å kopla språkkunnskapar til det å kunna oppnå demokratiske rettar. Retten til å bu permanent i landet, og dermed moglegheita til å planlegga sitt eige liv, skal vera uavhengig av kunnskapar om språk og samfunn.
- Når Regjeringa også føreslår at permanent opphald skal vera ein føresetnad for familiegjenforeining, kan det føra til at utsiktene til eit trygt liv for både den enkelte innvandrar og heile familien blir svært usikre over lang tid. Denne påkjenninga vil gjera vilkåra for læring av både norsk og samfunnskunnskap vanskeleg fordi vi veit at den enkeltes livssituasjon spelar ei stor rolle for evna til å læra.
- Det finst ikkje i dag sikker kunnskap om at språkferdigheiter og kjennskap til samfunnet målt ved ein prøve, garanterer for vellukka integrering. Denne samanhengen er ikkje dokumentert. Vi veit at kvalitetssikra og systematisk opplæring i språk påverkar læringsprosessen positivt, og at det å kunna språket snakka av majoriteten i landet ein emigrerer til, aukar sannsynet for kontakt med majoritetssamfunnet. Vi har derimot ikkje forskingsbasert kunnskap om at innføringa av prøvar i

seg sjølv fører til meir integrering. Tvert om peikar forskingslitteraturen på at slike tiltak i staden aukar faren for at visse grupper av innvandrarar vert ekskluderte frå majoritetssamfunnet (m.a. Ersbøll, van Oers og Kostakopoulou 2010). Prøvar utvikla for å måla språkferdigheiter, kan ikkje måla evne eller vilje til integrering.

- Fagmiljøet er også skeptiske til sider ved sjølve implementeringa av framlegget. Departementet føreslår å innføra krav om bestått munnleg prøve i norsk på A1—nivå og eit krav om ein bestått skriftleg prøve i samfunnskunnskap på eit språk dei forstår. Samfunnskunnskapsprøven er ein skriftleg prøve som krev både leseferdigheiter og digitale ferdigheiter. Ein stor del av deltakarane i norskopplæringa er ikkje lese- og skrivekyndige på sitt eige morsmål, og deltakarar frå land der skulesystemet har brote saman på grunn av langvarige konflikter, er overrepresenterte i denne gruppa av deltakarar. Vox sine statistikkar over prøveresultat (Vox—speilet 2015) viser også at 25% av kandidatane (uavhengig av språk prøven er teken på) ikkje består samfunnskunnskapsprøven, og dessutan at strykandelen er høgare blant deltakarar som har flykta frå krigsherja land og der utdanningsnivået er lågt. I praksis vil krava om bestått prøve i samfunnskunnskap kunna føra til denne gruppa av innvandrarar ikkje vil få permanent opphald i landet.
- Fagmiljøet vil til slutt påpeika den uheldige betydingsmessige skilnaden på formuleringa «et minimum av norsk muntlig», som vert føreslått i sjølve lovteksten og som kan tolkast ulikt, og den spesifikke nivåbeskrivinga A1, som departementet føreslår som krav i den samanhengande teksten.

Konklusjon: Fagmiljøet i norsk som andrespråk ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen vil ikkje tilrå å vedta høyringsframlegget om endring av utlendingslovgivinga.

Bergen 02.02.2016

Kari Tenfjord, professor i norsk som andrespråk

Ingvild Nistov, førsteamanuensis i norsk som andrespråk

Ann-Kristin Helland Gujord, førsteamanuensis i norsk som andrespråk

Karoline Haugsvær, Ph.d.-kandidat i norsk som andrespråk